



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2010/248888-013

Dykkar referanse:

Vår dato:
11.09.2014

Framlegg til motsegn - Høyring og offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel - Meland kommune

Vi viser til e-post sendt frå Meland kommune 01.07.2014 med framlegg til ny arealdel av kommuneplanen.

Statens vegvesen vurderer at deler av planframlegget kjem i konflikt med viktige nasjonale målsetjingar knytt til trafikktryggleik og framkomelegheit. I samsvar med forsøket med samordning av statlege motsegner til kommunale planar i Hordaland sender vi framlegg til motsegnspunkt til Fylkesmannen. Dei knyter seg i hovudsak til

1. å sikre nok areal til og god trafikkavvikling på E39 over Flatøy
2. å ivareta trafikktryggleiken langs fv 564 som er hovudvegen i kommunen

For fleire av motsegnspunkta gjeld det at vi stiller spørsmål ved dei trafikkfaglege vurderingane som er gjort i konsekvensutgreinga når det gjeld trafikktryggleik.

E39 over Flatøy

Etter at arbeidet med ny kommuneplan for Meland starta opp, har Lindås kommune utarbeida og vedteke reguleringsplan som viser trasé for ny E39-bru over Hagelsundet (Lindås kommune sin plan 1263-201201). Det er viktig at ny kommuneplan for Meland sikrar areal for brufeste på sørsida av sundet og traséen vidare inn mot eksisterande E39.

Langs E39 er det byggegrense på 50 meter. I framlegg til ny kommuneplan er det lagt ut nye utbyggingsområde innanfor byggegrensa. Områda BE1 og N1 må avgrensast slik at minste avstand til vegmidte av E39, dvs eksisterande veg og ny trasé fram til nytt brufeste ved Hagelsundet, vert minimum 50 meter. Det er viktig å ivareta byggegrensa her m.a. for å sikre nok areal til framtidige vegutvidingar.

I føresegn 2.1.3 set kommunen krav om at plassering av planfritt kryss må avklarast før utbygging av Midtmarka (BE-1). Ei slik avklaring ivaretek ikkje omsynet til E39 i tilstrekkeleg grad. For områda BE1, N1 og I1 må det i tillegg innarbeidast rekkefølgekrav om at det skal vere etablert nytt planskilt kryss på E39 før tiltak i området kan takast i bruk.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Planframlegget viser i område N2 ei utviding av eksisterande næringsområde. Det må avklarast om det er kapasitet i dagens kryssområde ved E39 til utvida verksemd. Konsekvensane for kollektivtrafikken, med haldeplass og innfartsparkering, må særskilt avklarast. I planomtalen står det at utviding av areal til næringsverksemd er del av omsynssone H810_2 med krav til felles planlegging. Dette samsvarer ikkje med plankartet. Område N2 må inngå i omsynssona for felles planlegging på Flatøy.

Statens vegvesen føreslår at Fylkesmannen fremjar **motsegn** til dei punkta som er streka under. Motsegna knyter seg til Statens vegvesen si rolle som forvaltar av riksveg.

Trafikktryggleik langs fv 564

Vi vurderer at utlegging av fleire nye utbyggingsområde langs fv 564 kjem i konflikt med dei rikspolitiske retningslinene for samordna areal- og transportplanlegging, særleg målsetjinga om god trafikksikkerheit. Nedanfor følgjer ei oversikt over desse områda. Motsegnspunkta er knytt til Statens vegvesen si rolle som sektorstyresmakt med ansvar for trafikktryggleik.

Frekhaug

Frekhaug sentrum er i dag ein tettstad der gjennomgangstrafikk ikkje vert leia gjennom sentrum. Område S1 inneber utvikling av eit sentrum med gjennomgangstrafikk. Vi stiller spørsmål ved det faglege grunnlaget for at S1 vert kategorisert som grønt (S1K4) i konsekvensutgreiinga. Etter vår vurdering vil eit sentrumsområde på begge sider av fv 564 gje auka risiko for trafikkulukker. Erfaringsmessig ser vi at det er svært vanskeleg å planlegge seg bort frå at mjuke trafikantar kryssar i plan der det er aktivitet på begge sider av vegen.

Ei utbygging i S1 vil truleg føre til meir gang- og sykkeltrafikk langs fv 244 mellom Frekhaug og skule- og idrettsområdet på Sagstad. Det må takast høgde for at det vil utløse behov for eige vegtilbod for mjuke trafikantar langs fv 244. Dette kan kome i konflikt med jordvern- og kulturlandskapsomsyna i området. Det som kan verte dei samla konsekvensane av ei utbygging av område S1 kjem ikkje fram av konsekvensutgreiinga.

Arealbehovet knytt til 230 daa nytt sentrumsareal på Frekhaug er etter vår vurdering ikkje tilstrekkeleg dokumentert. Områdeplanen for Frekhaug er nyleg vedteken, og det ligg større ubygde sentrumsareal i den. Dei mest konkretiserte behova knyter seg til areal til offentleg og privat tenesteyting i tilknytning til kommunesenteret, men desse føremåla inngår ikkje i føresegnene sin definisjon av kva som inngår i sentrumsføremålet (kontor/forretning/bustad). Vi stiller spørsmål ved om det har blitt vurdert å lokalisere t.d. barnehagar, sjukeheim m.m. i andre område som er lagt ut til ny utbygging i nærleiken av Frekhaug.

Statens vegvesen rår i utgangspunktet til at område S1 vert teke ut av planen. Alternativt må arealføremålet avgrensast til offentleg eller privat tenesteyting og det må innarbeidast rekkefølgekrav om tilrettelegging for planskilde kryssingar for mjuke trafikantar over fv 564 både aust og vest i området, samt krav om gang- og sykkelveg langs fv 244 på strekninga mellom fv 564 og Sagstad skule. Statens vegvesen føreslår at Fylkesmannen fremjar **motsegn** knytt til den teksten som er understreka ovanfor.

Mjåtveit

Statens vegvesen føreslår at Fylkesmannen fremjar **motsegn** til område B6. Størstedelen av området ligg innanfor byggegrensa til fv 564. Det er ikkje gang- og sykkelveg på nordsida av vegen og ikkje lagt til rette for at mjuke trafikantar skal krysse vegen her.

Holme

Statens vegvesen foreslår at Fylkesmannen fremjar **motsegn** med krav om at undergang for mjuke trafikantar under fv 564 på Holme og utbetra fv 247 frå kryss med fv 564 fram til område B11 må vere ferdigstilt før nye tiltak i utbyggingsområda B10, SB2, FO1, T7 og B11 kan takast i bruk.

På Holme opnar framlegg til plan for fleire nye utbyggingsområde på nordsida av fv 564. På sørsida av vegen er det m.a. skule og større bustadområde. Per i dag er det ikkje lagt til rette for at mjuke trafikantar skal krysse vegen her. Trafikksikringsplanen til kommunen omtalar ein undergang i krysset mellom fv 564 og fv 247. Undergang er del av reguleringsplanen for Holme forretningsområde.

Statens vegvesen har vore kritisk til endra arealbruk og ny utbygging på nordsida av fv 564. I utgangspunktet ønskjer vi ikkje aktivitet på begge sider av fylkesvegen. I samband med reguleringsarbeidet for forretningsområdet, har det vore eit krav frå vår side at undergang for mjuke trafikantar under fv 564 må vere etablert før nye tiltak i planområdet vert tekne i bruk. Dette kravet må også gjelde for andre utbyggingar nord for fv 564 som vil gje fleire mjuke trafikantar i området. Det er også trong for at fv 247 vert utbetra frå krysset med fv 564 fram til nye utbyggingsområde langs fv 247. Slik utbetring vert regulert i planane for forretningsområdet på Holme og for Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak.

Spreidd utbygging på Fløksand og ved Rossland

Langs fv 564 er det i tre område foreslått spreidd bustadbygging i område der vi vurderer at trafiktryggleiken ikkje vert ivareteken for mjuke trafikantar med eksisterande veganlegg. Dette gjeld områda SB8 Åsebø, SB9 Vikebø og SB10 Fløksand.

Område SB8 Åsebø ligg om lag halvannen km nord for områdesenteret på Rossland, medan SB9 Vikebø ligg langs fv 564 like nord for senteret. Begge områda ligg i gangavstand frå Rossland skule. Fylkesvegen har låg standard utan eige tilbod til mjuke trafikantar. For andre nye bustadområde i nærleiken av skulen og områdesenteret er det krav om reguleringsplan, og skulevegen vert framheva i konsekvensutgreiinga. Trafikktryggleiken er ikkje problematisert i konsekvensutgreiingane for områda for spreidd bustadbygging. Krav om utbetra fylkesveg med trygg skuleveg må gjelde for all ny bustadutbygging rundt områdesenteret på Rossland.

Område SB10 Fløksand ligg på nordsida av fv564 og langs fv 244. Fylkesvegen har låg standard på strekninga, utan eige tilbod til mjuke trafikantar. Eksisterande utbygging på Fløksand ligg i hovudsak på sørsida av fv 564.

Statens vegvesen rår i utgangspunktet til at område for nye bustader ved Rossland, også områda SB8 og SB9, vert viste som bustadområde med tilhøyrande plankrav. Området SB10 på Fløksand rår vi til at vert endra til område for spreidd eksisterande (SE). Alternativt må det innarbeidast rekkefølgekrav om at det ikkje kan etablerast nye bustader i områda SB8, SB9 og SB10 før fv 564 er utbetra med eige tilbod til mjuke trafikantar høvesvis på strekninga mellom Rossland skule og områda SB8 og SB9 og på strekninga forbi Fløksand. Statens vegvesen foreslår at Fylkesmannen fremjar **motsegn** knytt til den teksten som er understreka ovanfor.

Vi vil gjere merksam på at for uregulerte område sett av til spreidd bustadutbygging i kommuneplanens arealdel, skal søknad om avkøyrsløse frå riks- og fylkesveg handsamast av Statens vegvesen etter veglova. Omsynet til trafiktryggleik er førande for handsaminga av

slike saker. Det kan ikkje påreknast at vegvesenet vil gje avkøyrsløyve i område der vi vurderer at omsynet til trafikktryggleik ikkje vert godt nok ivareteke. Vi stiller spørsmål ved om det er rett å vise dei aktuelle SB-områda som område for spreidd utbygging når det ikkje er påreknleg med utbygging her i næraste framtid.

Ryland

Statens vegvesen foreslår at Fylkesmannen fremjar motsegn med krav om at det må innarbeidast rekkefølgekrav om at fv 564 mellom Brakstad/Fløksand og Rossland må vere utbetra med eige vegtilbod for mjuke trafikantar før tiltak i område N10 kan takast i bruk. Området er i konsekvensutgreiinga vist med raud konsekvens for transport, utan at det er innarbeida framlegg til avbøtande tiltak i planen.

Eit næringsområde som vist på Ryland vil ligge i gang- og sykkelavstand frå områdesenteret på Rossland. Frå andre bustadområde i kommunen ligg det med avstand for sykkel eller kollektivtransport. Fylkesvegen må vere tilrettelagt for at slik transport skal kunne skje på ein trygg måte før næringsområdet vert teke i bruk.

Trafikksikringstiltak Fosse-Håtuft-Ådland


For området Fosse-Håtuft-Ådland inneheld framlegg til plan rekkefølgekrav om at det må vere bygt nytt kryss med Krossnessundbrua og vere gjennomført trafikksikringstiltak langs fv 245 før nye bygg og anlegg kan takast i bruk. Kravet «gjennomført trafikksikringstiltak» gjev etter vårt syn for mykje rom for tolking. Statens vegvesen foreslår at Fylkesmannen fremjar motsegn med krav om at det må presiserast at kravet er knytt til at fv 245 på strekninga skal vere utbetra med eige vegtilbod til mjuke trafikantar. Slik vegutbetring er regulert i Meland kommune sin plan 125620070004 for fv 245 frå Hatleberget til Skarpeneset. Den sørlegaste delen av fylkesvegen er del av planområdet for ny reguleringsplan for Fossesjøen. Lengst nord føreligg det ikkje plan for utbetring av fylkesvegen.


Sambandet Vest og nye næringsområde på Landsvik

Statens vegvesen foreslår at Fylkesmannen fremjar motsegn med krav om at det må innarbeidast rekkefølgekrav om at Sambandet Vest må vere realisert før eventuell utbygging kan ta til i næringsområda N13 og N14. Dette er ein føresetnad i konsekvensutgreiinga der områda er viste med raud konsekvens for transport.

Statens vegvesen - Region vest

Med helsing


Helge Eidsnes
regionvegsjef


Olav Finne
avdelingsdirektør

Kopi: Meland kommune (e-post)
Hordaland fylkeskommune (e-post)